

### Medverknadsmøte – oppsummering etter møte med barna ved Geiranger skule 3.6.19.

Møtet var på Geiranger skule. Elevgruppa var delt i 2 puljar – småskuletrinna 1 – 4 og storskuletrinna 6- 9.

10. trinn deltok ikkje.

Samtalen med barna hadde som føremål og få fram:

- Kvar dei møttest utandørs i fritida si (favorittstad/samlingspunkt, aktivitetar)
- Kvar kan de ferdast fritt utan omsyn til bilar og annan trafikk
- Er det stader der de ønskjer at det ikkje kjem hus, hytte, industri, veg, hotell.
- Snarvegar mellom heim og uteområda

#### Innspel 1-4 trinn:

- Skuleplassen, når de får vere der i fred for turistar. Ønskjer seg meir aktivitetsutstyr i skulegården
- Fjordsenter. Fint aktivitetsområde – når der er utstyr. No er ballbinge, klatrestativ mm fjerna. Er spente på kva som kjem i staden for. Der er flatt, slik at ein kan sykle trygt og lære seg å sykle inne på området. Ikkje trygg veg fram til Fjordsenteret. Ønskjer sykkel- og gangveg.
- Ønskjer fleire gangfelt og gangfelt med trafikkllys ved utsette krysningspunkt: Hotel Geiranger og kyrkja
- Snarvegar i bruk ev ønskt brukt: Maråksnarvegen, Brauta – Fossen, Kleivasnarvegen, snarveg gjennom Geoparken (ikkje muleg no)
- Trong for å ferdast trygt til/frå: Kopane, Mjelkesletta, Knøtshellaren, Storsæterfossen, Ørjasætra
- Ønskjer leikeplass for besøkande, slik at ungar som er på besøk saman med vaksne også kan få ein stad å leike
- Sikring ved elva – nokre strekk som kan gjere skulevegen tryggare

#### Innspel 6 – 9 trinn:

- Lausneset, stad å henge om sommaren for dei eldste (grill, bading, sosialisering). Ønskjer litt meir tilrettelegging – men ikkje slik at plassen vert attraktiv som vere-stad for turistar, då vert ungdomane trengte vekk
- Fjordsenteret, men må det leggjast til rette for barn/unge – no er alle leikeapparat vekke

- Bingen ved skulen
- Gjørvaugan, ein «inspoplass», privat område der det var trampoline og huske – som no er vekke. Var populær og er ønskt tilbake som samlingsstad. Snarveg frå feltet og ned til sentrum (Brauta/Maribakken)
- Gildetun ungdomshus – sykkelbane, skateområde
- Maribakken snarveg som vert brukt til aking om vinteren
- Etterlyser veglys, gangfelt og markering av snarveggar som er lovlege å bruke (Kirkestein, kryssinga ved Hotell Geiranger, Maribakken)
- Må til sentrum for å henge

Takk til skulen for god tilretteleggjing og hjelp til gjennomføring av samtalanene.